



Venelaget for slepa mellom Osa og Hallingskeid
c/o Ivar D Y Osa, Sjovegen 20
5730 ULOVIK

Dato: 18.11.2016
Vår ref.: 2016/9015-9
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK 2017 - Mottatt søknad om midlar til skjøtsel/restaurering av del av Nordmannsslepa i Ulvik kommune - Avvisning av søknad

Me viser til motteken søknad av 31.10.2016 om tilskot i 2017 til skjøtsel og restaurering av del av Nordmannsslepa Osa - Hallingskeid, gnr 37 bnr 1-10 i Ulvik kommune, Askeladden ID 108366.

Som det kjem fram av nettsidene til Hordaland fylkeskommune, www.hordaland.no med informasjon om tilskotsordninga Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er det visse krav som må fyllast for å kvalifisera til å søkja på ordninga. Eitt av desse krava er at det aktuelle kulturminnet må stå på prioritieringslista for BARK. Denne lista vart utarbeidd i 2012 med innspel frå kommunane. Dersom kulturminnet ikkje står på denne lista kan kommunen senda ein formell førespurnad om å få kulturminnet inn på prioritieringslista. Det aktuelle kulturminnet med Askeladden ID 108366 står ikkje på prioritieringslista for Ulvik, og me har ikkje mottatt søknad frå kommunen om endring av prioritieringslista.

Søknaden dykker fyller ikkje krava for tilskotsordninga, og søknaden vert difor ikkje handsama. Neste søknadsfrist er 1. november 2017. Dersom me innan den tid har mottatt ei formell førespurnad frå Ulvik kommune med ynskje om å få det aktuelle kulturminnet inn på prioritieringslista er de velkomne til å søkja på nytt.

For ytterlegare informasjon, kontakt Hordaland fylkeskommune v. Solveig Lohne Rongved, tlf: 55378044, e-post: solveig.lohne.rongved@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.